

**HEIM=FYRESDAL**

**2013-2016**



**BULYST - PROSJEKT MED MANGE GODE RESULTAT!**



# HEIM = FYRESDAL

Prosjekt gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt Bulyst-program frå 2013-2016.

## Hovudmål:

Oppretthalde og auke innbyggjartalet for å trygge offentlege og private tilbod, ved å styrke bli-lyst og bulyst for både noverande innbyggjarar og tilflytterar, særleg barnefamiliar.

## Bli-lyst og bulyst:

2013: innflytting 44 utflytting 83

2015: innflytting 83 utflytting 47

48 heimflytingar knytt til prosjektet

# Innhald

Intervju med Olav Kvift.....	3
Tilflytting.....	4
Faktorar Viktige for Heimflytting.....	5
Delprosjekt Aktiv i Fyresdal.....	6
Delprosjekt Hamaren Aktivitetspark.....	7-8
Delprosjekt Bumiljø.....	9
Intervju med Gerda og Pim Hoomoedt.....	10
Satsing på Bioøkonomi - Næringshage og Lokale Verksemder.....	11
Intervju med Tarjei Skålid.....	12
Delprosjekt Folkestadbyen.....	13-14
Intervju med Sverre Lien.....	15
Delprosjekt Ungdom tar Ansvar.....	15
Samarbeid = Suksess.....	16

Fyresdal Kommune

Besøksadresse og felles postmottak: Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.

Telefon: 35 06 71 00. E-post: [postmottak@fyresdal.kommune.no](mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no).

Organisasjonsnummer: 939 772 766. Kontonummer: 2694.07.00689.

Layout: Onnie Kiland

# TURISME OM SOMMAREN

## BILRESTAURERING VINTERSTID

Nå har eg kome dit eg høyer heime – det er her det er meint at eg skal vere, seier Olav Kvift, og ser ut over den idylliske Kvift Gjestegard i Birtedalen. Her kan eg ha min egen arbeidsplass og drive med det eg likar aller best: turisme om sommaren og restaurering av gamle bilar om vinteren, pluss litt snekring og restaurering av husa på garden. Han fortel engasjert om den store interessa for alt som er gammalt, og sørleg når det gjeld hus og bilar. Men han legg til: Eg likar og veldig godt å omgåast andre menneske, så det å kunne drive med reiseliv i tillegg passer perfekt for meg.

Kvift Gjestegard er eit kjent varemerke innan reiseliv, både gjennom dronningbesøk og fleire reportasjar i TV. Den gamle fjellgarden er blitt gjennomrestaurert og bygd opp av foreldra til Olav, Janne S. Fjellheim og Åsmund Fjellheim Kvift. Nå har Olav overtatt, og han er topp motivert til å vere den som skal videreføre og vidareutvikle den mest kjende reiselivsverksemda i Fyresdal.

Mamma driv med keramikk og pappa med rose måling i tillegg til turistane. Eg likar og å skape noko med hendene, men vil heller stelle med gamle bilar. Restaurering, ombygging og lakking – og eg gjer det på "gammelmanns måten". Eg brukar ikkje sparkel, men gassveis og tinn. Det lærte eg av gamle, erfarte bilrestauratorar då eg budde og studerte i USA for eit par år sidan. Eg har nå sett opp eit eige bygg som eg skal bruke bare til dette, og har alt fått mange oppdrag.

Olav har hatt god nytte av at han har hatt nokre år utanfor bygda. Eg har sett mykje, lært mykje gjennom arbeid, og tatt noko utdanning. Det har vore viktig, og gjev meg også moglegheit for anna arbeid om det trengs. Men målet er først og fremst å skape ein fulltids arbeidsplass på Kvift – der er her eg vil bu og virke, seier Olav entusiastisk.



FOTO: GEIR UFS, VEST-TELEMARK BLAD



FOTO: GEIR UFS, VEST-TELEMARK BLAD



# GUTANE VEL FYRESDAL



Knut Olav Kile er ikkje meir enn 22 år, men alt i gang med bygging av eige hus. Eg har fått tak i ei flott tomt i Fardal, seier han. Like ved Fyresvatn og med fantastisk flott utsikt. Etter at vegen blei lagt om der i fjar kom det fram ei tomt mellom vegen og vatnet. Nå er huset i produksjon i hallen bak meg, og eg håpar vi kan få det på plass og tett før snoen kjem.

Knut Olav baserer seg på mykje eigeninnsats, men håpar og på ein del hjelp frå pappa Jan og bror Jørgen. Han er eigentleg mekanikar, men har nattopp starta i arbeid i Kile Handlaft as. Du er så sikker på at du vil bli buande i Fyresdal at du satsar på bygging av eige hus i så ung alder? Ja, eg kan ikkje tenke meg å bu ein annan stad, så då kan eg like godt skaffe meg eige hus her, seier han.

Knut Olav Kile

Eg er fyresdøl og ynskjer å bli buande her. Her har eg alt eg treng, seier Jørgen Kile. Det er ingen tvil om målsettinga – han har allereie kjøpt seg eige hus i bustadfeltet Tøddebakken, og held for tida på med oppussing av det i tillegg til fast jobb som snikkar i Kile Handlaft as, ei bedrift som far hans driv.

Jørgen har fagbrev som tømrar, og var i lørretida med og bygde Fyresdal Næringshage. Han seier han er heldig som har jobb i Fyresdal – mange av venene har flytta ut. Det er mest for å få seg arbeid, seier han. Eg trur mange av dei kan tenke seg å flytte heim att om dei får moglegheit til det. Dei er ofte heime i helgene, og me treffast då. Eg føler ikkje noko for å bu i byen eller ein annan tettstad. Her har eg familie, nettverk og ikkje minst ein flott natur som eg er glad i å bruke, seier Jørgen.




Jørgen Kile

23 år gamle Håvard Hansen har eit godt forhold til heimbygda si. Han kan ikkje tenke seg å flytte ut av kommunen. Nei, her har eg familien min, det er mindre stressande her, eg er glad i å vere på heia både sommar og vinter, og her har eg fast arbeid.

Håvard har fagbrev som tømrar og har hatt fast jobb hos Kile Handlaft as i fem år. Han har kjøpt seg eit småbruk på 10 mål i Kleivgrend, og har i tillegg ein stor heieigedom med ei hytte han er veldig glad i. Saknar du noko i Fyresdal, spør vi. Håvard må tenke seg godt om, men kjem ikkje på noko. Eg saknar ingen ting her, eg, seier han til slutt.



Håvard Hansen



## FAKTORAR VIKTIGE FOR HEIMFLYTTING



# DET MOROASTE EG VEIT!

Delprosjekt Aktiv i Fyresdal

Mål: Større grad av integrering og inkludering av barn og unge i fritidsmiljøet i Fyresdal.



Abdishakuur er heilt klar på det. Fotball betyr svært mykje for guten som kom til Fyresdal saman med mor og åtte sysken. 11-åringen spelar på Fyresdal G12-laget, og er ivrig på trening. Så ivrig er Abdi at han ikkje har tid til å fortelje så mykje om korleis det er å bu i Fyresdal – han måtte få med seg alle øvingane trenar Gunnar K. Veum hadde lagt opp til den kvelden. Men han fekk sagt at han trivst godt både på skulen og med fotballen.

“**Eg har veldig greie kameratar på laget,  
og fotball er det moroaste eg veit!**”

Trenaren har mykje godt å seie om Abdi. Han er kjempeivrig og flink, og han er alltid blid og positiv. Han er ikkje bare godt integrert, men ein ressurs i laget. Vi har eit godt lag og har vunne fleire kampar, men er dverre litt få spelarar. Då må vi låne inn nokre jenter til laget vårt, men det går veldig bra – bare positivt. Jentene har bare godt av å spele mot gutter, og gutane synes det er moro, seier Gunnar.



Sjekk ut film om  
aktivitetstilbod i Fyresdal



[https://youtu.be/rh\\_KdpwOxDs](https://youtu.be/rh_KdpwOxDs)

# Hamaren Aktivitetspark



SEPTEMBER 2015:

ALF gruppa på Gimle på befaring i Hamaren før rydding og tilrettelegging for sykkeløype!



MAI 2016  
Dugnadsgjengen frå Gimle skule



OKTOBER 2015:

Vi hadde besøk av Olve Norderhaug fra Trysil Bike Arena og Yannick Menneron fra Bike Solutions (Frankrike). Dei skal lage ein plan for ein "mini" Bike Park i Hamaren. Vi ventar spent på skisser! Her med Aslak Momrak-Haugan, delprosjektleiar i Hamaren.



MAI 2016  
Fransk eksperter fra Bike Solutions kom på besøk.



MAI 2016

Tommerenene - start på turvegen ved Munkhola! Snart skal vi innhente tilbod på bygging av resten av vegen



DESEMBER 2015

I enden her skal det koblast på gangveg rundt heile sørrenden av Hamaren. Arkitekt Tor Møller Frantzen frå Søndergaard Riksfelt teinkar løysingar for oss i desse dagar!

NOVEMBER 2015

Grillhytte i Hamaren ligg fint til med utsikt over vatnet! Hytta er sett opp av Lars Ola Solberg og er finansiert av Telemark Fylkeskommune, gjennom Folkehelseteamet i kommunen.

APRIL 2016

Gunnar Veum i gang på toppen av sykkeløype! Maskinen gjer grovarbeidet, ellers blir sykkeløype laga for hand.



JANUAR 2016

Dette blir vel den finaste naturstien!! Postar ynska av barnehagen, materiell, teikningar og tekstu laga av 7 klasse på Gimle skule med hjelp frå Neal Battin.



JUNI 2016

Snakk om område for alle - til og med insekta har fått eigne hotell!!! Takk til Ingun Momrak-Haugan og elevane.



JULI 2016

Byggmester Inge Aamlid og Geir Wæthing er i gang. Her blir det trebru frå vestsida! Med denne utsikten blir det flott å gå rundt her.



NOVEMBER 2016

Rekkverket er på plass og utsikten er intakt. Tusen takk til kloktige arbeidskarar som har fått dette til for oss



# DELPROSJEKT: BUMILJØ



FOTO: HAMISH MOORE



ILLUSTRASJON: FESTE LANDSKAP

## Delprosjekt Attraktive bumiljø

Mål: Sikre attraktive tomter og bustader i Fyresdal.

Prosjektet har gjennomført seminar om bumiljø og folkemøte om fortetting i Folkestadbyen. Trendar visar at fleire vil bu i sentrum og at det er viktig å utvikle bustader for alle typar menneske og familiesammensetningar. Feste Landskap har kome med forslag til plan for sentrum – til dømes bygging på «bankplassen» og området bak SPAR Fyresdal. Kan hende blir det meir utvikling på dette området dei nærmaste åra. Meir privat involvering er ynskjeleg, som utbyggar Fyresdal Utvikling i Tøddebakkane.

# FRA NEDERLAND TIL JOBB, HUS – OG HEST!

Dei hadde i lengre tid vore bestemt på at Fyresdal var den staden dei helst ville flytte til, når dei søkte seg bort frå det tett befolka heimlandet. Familien Gerda og Pim Hoomoedt kom frå Nederland til Fyresdal i fjor, med barna Ilse og Sebastiaan.

Pim har teknisk bakgrunn og var førebudd på pendling og reising for å skaffe inntekt, men måtte ha jobb før dei våga å ta steget med flytting. Gerda, som har sjukepleiarutdanning, hadde godt håp om å kunne få arbeid lokalt etter kvart – men for begge var det avgjerande å lære seg norsk. Norskopplæringa starta dei med allereie før flytting, ved sjømannskyrkja i Rotterdam.

Det blei fleire turar til Fyresdal, mange personlege besøk til bedrifter i både Fyresdal og i nabokommunane, og mange samtaler og e-postar med næringsjefen. Då Pim fekk tilbod om jobb ved Telemark Kildevann as, og dei fekk leige ein grei familiebustad i Grunnvik, fall brikkene på plass.

Då var gleda stor i familien! Vi var veldig klare på kva vi ville, og fekk til slutt løn for tålmodigheit og pågangsmot. Nå bur vi midt mellom arbeidsplassen min og Pleie- og omsorgssenteret, der Gerda etter kvart har fått ein del arbeid. Her er det kort veg ned til Fyresvatn og flotte turområder, og det er trygt og godt for barna våre, seier Pim. Familien kjem og med mange lovord om korleis dei har blitt tatt i mot av grannane. Ein kjem og brøyter inngangspartiet vårt om vinteren, andre kjem med plommer og jordbær, og alle er veldig hyggelege med oss, seier Pim.

Ilse er blitt ”skikkeleg hestejente”, og mamma Gerda har god erfaring som ryttar frå tida dei budde i Nederland. Vi er blitt ein del av miljøet i Hugljufur Islandshestforeining, og Tone Klausen har lånt oss hest som vi kan ha på beite like ved der vi bur. Vi deltok og med hest på Skeidet i Fyresdal i sommar. Utruleg moro for både Ilse og meg, seier Gerda, som nå har fått hest på fôr – stallplass er ordna!

I sommar har familien farta rundt i Noreg for å bli betre kjent med både folket og naturen. Fantastisk natur og mange flotte opplevingar, seier dei – og dei fekk sjølv sagt med seg Dyrsku'n i september!

Korleis går det med språket? Det går stadig framover. Vi lærer noko nytt kvar dag, og snakkar norsk med barna våre. Dei lærte seg norsk fort, og er blitt fyresdølar reint språkleg. Det hjelper oss mykje. Men vi slit litt med å lære oss mange av dialektorda her, og så er mange fyresdølar flinke i engelsk. Det gikk nok litt for mykje på engelsk i starten, seier Pim – på godt norsk!



# SATSING PÅ BIOØKONOMI - NÆRINGSHAGE OG LOKALE VERKSEMDER

Frå oktober 2016 er det samla fagmiljøet i Fyresdal Næringshage nær 100 personar, med Fyresdal kommune som stor leigetakar – banebrytande samarbeid! Næringshagen er eit kompetansesenter på bioøkonomi og ynskjer å bidra til verdiskaping og utvikling på dette feltet. Verksemder som Telemark Kildevann og nystarta Telemarkrøye viser at det er mogleg.

Heim=Fyresdal har hatt Fyresdal Næringshage som referanseprosjekt. Samarbeidet har frå tidleg i byggeprosessen vore å kople dei som ynskjer å flytte heim med ledig arbeid og nye utviklingsprosjekt. Prosjektet har også samarbeida med fleire lokale verksemder kring dette.




FOTO: MENY



FOTO: BIRGITH REINSKÅS LUNDEN



# MED STRAND OG SVABERG RETT NEDANFOR HUSET

"Her kan vi bare rusle nokre få meter gjennom lyngen og ta eit kveldsbad på stranda eller svaberga rett nedanfor huset", seier Trine Skålid, som er oppvachsen i Stavern - med utsikt over sjøen. Ho saknar av og til sjølukta, seier ho, men er veldig glad for å kunne sjå vatnet frå kjøkkenet, stoga og terrassen: For meg er det viktig med nærlieiken til vatnet. Det er alltid liv der — bylgjer, fuglar, eller rett og slett spegelbilete av fjella og skogen.

Saman med mannen sin, Tarjei Skålid som er oppvachsen i Fyresdal, tok dei det store steget med å flytte til Fyresdal etter å ha budd fleire år både i Stavanger og i Kristiansand. I fjar sto det nybygde huset klart til innflytting — idyllisk plassert tett ved Pleie- og omsorgssenteret, med kort veg til skule og sentrum, og ikkje minst — flott utsikt over nordre delen av Fyresvatn. Trine er klar på at det var ikkje bare enkelt å flytte frå byen til ein liten plass som Fyresdal, men å få eige hus på ei flott tomt var viktig for å trivast. Og nå har det ordna seg med jobb for ho.

Sjølv om eg er utdanna sjukepleiar var det vanskeleg å få noko fast. Men så blei det ledig stilling hos Fyresdal Ambulanse — eg fekk jobben, og er nå i full gang med kurs for å få formell godkjenning innan dette faget. Sjukepleiarbakgrunnen min er ein fordel å ha, men ikkje nok, seier Trine.

Tarjei held til i den nybygde Fyresdal Næringshage, og har i fleire år jobba med logistikk innan frakt med skip over heile verda. Dagens teknologi gjer at Tarjei Skålid kan gjere dei same arbeidsoppgåvene for arbeidsgjevaren sin i Fyresdal som frå eit kontor i ein by. Eg hadde i mange år tenkt at det kunne ha vore godt å flytte tilbake til heimbygda mi, ikkje minst for å få trygge og gode oppvekstvilkår for ungane vår.

**Eg starta med heimekontor, men det var veldig godt å kome på plass i næringshagen og bli ein del av det sosiale miljøet der. Og det er lettare å vere strukturert her enn med heimekontor, seier Tarjei. „**

Før jolet han i over i ny jobb — som nytilsett dagleg leiari i attføringsverksemda Telemark Lys AS. Det blir veldig spanande og eg gler meg veldig til å ta fatt på den jobben, seier han.

For familien er det totalt sett mange fordelar ved å bu i Fyresdal, er Tarjei og Trine einige om. Her har dei eit godt nettverk, og besteforeldre som kan stille som barnevakt på kort varsel, og det er viktig. I tillegg er det trygg og kort skuleveg, og dei er aldri redd for å sleppe ungane ut for å leike. Men det var litt vanskeleg for Tobias å bryte ut av kameratgjengen han hadde i Kristiansand då han gikk i 2. klasse. Han må besøke dei av og til, men det går seg til, seier Trine, som legg til at han nå er med i skulekorpsset. Det er ein fin og sosial aktivitet å vere med på, med dyktige leiara!



# DELPROSJEKT: FOLKESTADBYEN



## Mål

Sikre trygge arbeidsplassar i handelsstanden i Fyresdal, og bidra til at Folkestadbyen oppretthaldast som ein god møteplass.

## Resultat

Auka omdømme for Folkestadbyen

Tidvis betre omsetning i butikkane i sentrum

Fleire arrangement og salstoppar i sentrum

Betre samarbeid mellom arrangørar og sentrumsbutikkane

Auka kompetanse hjå butikkdrivarar



# DAMENE PÅ BYEN



Delprosjektet som har hatt fokus på utvikling av Folkestadbyen som eit attraktivt senter for handel og aktivitet i kommunen, har vore omfattande og arbeidskrevjande. Men prosjektet har vore særskilt velkome for dei som driv handel, servering og overnatting i Folkestadbyen. Mange av dei næringsdrivande, som også blir kalla "Damene på by'n", kan ikkje hente gode overskot på drifta. Dei har difor mangla både praktisk hjelp og økonomi til å gjennomføre tiltak som har stått på ønskelista lenge.

Linda Aas, som driv daglegvarebutikken SPAR saman med bror Øyvind, er klar på dette: Prosjektet har gitt oss ressursar og inspirasjon. Det er vanskeleg å drive butikk i ein kommune som Fyresdal, særleg om ein er liten, og det blir mykje gratisarbeid. Gjennom engasjementet til prosjektleiarane Ragnhild Berge og Monica Sølyst har vi fått gjennomført mykje – alt frå oppgradering og pynting av sentrumsområdet, til skilting både i sentrum og langs fylkesvegen. I tillegg fekk vi i samarbeid til å arrangere "Damenes aften". Det var eit særskilt vellukka arrangement som damene i Fyresdal sette stor pris på, og verksemndene fekk synt fram både varer og tenester. Linda vil og framheve verdien av å føle seg sett og verdsett. I kvarldagen er det lett at vi blir tatt som sjølvsagt. Det fokuset vi i prosjektperioden har fått på utvikling, har difor vore veldig positivt, seier ho.

Erna Rydland, som driv interiørbutikken Olas Hus, er også svært godt nøgd med prosjektet. I tillegg til at vi har fått mykje praktisk hjelp, inspirasjon og støtte, har vi fått gjort sentrumsområdet så triveleg at vi får veldig mange hyggelege tilbakemeldingar frå både fastbuande og tilreisande. Det er moro, og det gjev folk lyst til å kome tilbake. Det er viktig for oss.

I tillegg til fysiske tiltak som oppgradering av jolegata, blomsterpynt på sommaren, sesongdekorasjon og betre skilting, har prosjektet etter ønske fra verksemndene også gjennomført ei undersøking blant hytteeigarane i kommunen. Denne stadfestar ein del ting som vi visste, eller trudde, men vi fekk også nokre bevisstgjeringar. Hytteeigarane treng ein god grunn til å kome seg ut av hytta og ned til oss, og konsertar og andre typar arrangement er aktuelle tiltak. I tillegg visste mange lite om sentrumsområdet Folkestadbyen og kva butikkane kunne by på, seier Erna, som driv butikken der damene brukar så lang tid at ho treng "mannfolkparkering" med bord, stolar, kaffi og aviser på utsida.

# FYRESDAL ER EIN GOD PLASS Å VEKSE OPP!

Sverre Lien er ikkje det minste i tvil. Det har vore godt å vere barn og ungdom i Fyresdal, meiner han.

Heilt supert, eigentleg! Godt og inkluderande ungdomsmiljø, og ungdomsklubben har vore ein god samlingsstad. Og så er det mange aktivitetar ein kan vere med på, innan både kultur og idrett, seier han.

Dette blei mykje skryt – er det noko du hugsar som negativt, eller noko du har sakna? Sverre må tenke seg litt om før han svarar: Ein idrettshall. Eg kunne nok ha tenkt meg ein større innandørsarena enn Samfunnshuset.

Han har gjort seg ferdig med vidaregåande skule, og er usikker på vegon vidare. Han har tatt eit års pause, med butikkjobb på Spar, og med håp om at det kan bli nokre vikartimar på skulen. Han kjem heilt sikkert til å reise ut for å skaffe seg ei utdanning.

Kjem du til å flytte heim att etterpå? Eg kjem nok ikkje til å velje utdanningsveg med det som hovudmål, og eg har ikkje bestemt meg for kva yrkesvalet blir. Men passar det seg slik, kan eg godt tenke meg å flytte heim til Fyresdal, avsluttar Sverre.



## DELPROSJEKT UNGDOM TAR ANSVAR

Mål: At ungdom får medverke til ein meir attraktiv heimplass. Bidra til auka returyste etter utdanning og andre erfaringar utanbygds.

Ungdomsklubben er eit godt nav i ungdomsmiljøet, sjølv for dei vaksne ungdommane. Dei eldste melder at dei i tillegg set pris på tiltak som treningssenteret Sporty, vektrommet på skulen, drive-in kino, og konsertarrangement på ny scene, oftast arrangert av Meieriet. Det verkar til å ha blitt meir fokus på å involvere ungdom som bur heime i både frivillige organisasjonar og i ulike verksemder.



# SAMARBEID = SUKSESS

Fyresdal kommune hadde ein prosjektidé, men resultata er takk vere alle som har bidrege gjennom desse åra. Tilskot og gavemidlar har kome inn frå fleire kantar og har bidrege til at prosjekta har blitt gjennomført med høg kompetanse og med god kvalitet. Dugnadsinnsatsen frå innbyggjarane i Fyresdal har vore formidabel! Gimle skule og skogsleiren i Kleivgrend har vore dei største bidragsyterane, og mange andre har involvert seg på ulikt vis gjennom dei mange delprosjekta. Lokale entreprenørar og tenesteytarar har vist velvilje, høg kompetanse og fleksibilitet. Fyresdal kommune er takksame og audmjuke for all støtte, involvering og interesse for prosjektet, som er eit levande eksempel på at står ein saman kan ein få til alt!

## Organisering av prosjektet:

Eigar: Fyresdal kommune

Prosjektansvarleg: Edvard Nesland, næringssjef

Prosjektleiar: Faun Naturforvaltning v. Monica Sølyst

## Styringsgruppe:

Erik Skjervågen, ordførar (AP)

Svein Slyngstad (SP)

Lene Hennum, Telemark Fylkeskommune

Edvard Nesland

## Delprosjektleiarar:

Aslak Momrak-Haugan, Hamaren Aktivitetspark

Ragnhild Berge, Folkestadbyen

Hege Rokseth/Tor Gunnar Austjord (Faun), Aktiv i Fyresdal

Terje Sveinsson/Svein Slyngstad, Ungdom tar ansvar

Attraktive bumiljø, Monica Sølyst

## TUSEN TAKK TIL:

FOLDSÆ stiftinga



TELEMARK  
fylkeskommune



SPAREBANKSTIFTELSEN DNB

MOLAND VEL



NORSK TIPPING



SPAREBANKEN  
SØR



Fyresdal kommune

Arendal fengsel,  
avdeling Kleivgrend



KOMMUNAL- OG  
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET



GIMLE SKULE



#hamarenaktivitetspark